

RED1 Livskraftig lokalt landbruk – med tru på bonden og beite for dyra

SV har dei siste åra styrkt sin posisjon som eit parti for bønder og folk i distriktet som ønskjer rettferd, berekraft og ærlege tal. I ei tid der forskjellane aukar og naturressursane blir pressa, treng vi eit landbruk som byggjer samfunnet – ikkje berre produserar for marknaden.

Telemark SV meiner at landbrukspolitikken til partiet er eit kraftfullt svar på dei utfordringane bygdene står i. Vi ser at stadig fleire bønder vender seg til SV, nettopp fordi partiet står for det som er rett – også når det krev mot. SV sitt arbeid for rettferdig inntektsberekning, styrking av sjølvforsyning og vern av matjord er ikkje bare god politikk – det er nødvendig politikk.

Telemark SV vil løfte fram betydninga av beitebruk på norske ressursar som ein del av eit berekraftig landbruk. Ei kunnskapsbasera og føreseieleg rovviltforvaltning – i tråd med intensjonane i rovviltforliket – er nødvendig for å sikre både naturmangfald og ei trygg beitenæring.

SV sitt program viser veg: med forslag om å styrke velferdsordningar for bønder, sikre betre finansiering for unge og deltidsbrukarar, verne dyrka jord gjennom lovverk og grunnlov, og vri tilskot frå volum til god agronomi og berekraftig drift. Dette er politikk som treffer – og som kan byggje brei tillit i distrikta.

Telemark SV vil:

- Løfte fram SV sitt landbrukspolitikkk som ei nykjel til å nå fleire veljarar i distrikta.
- Prioritere saker som sjølvforsyning, matberedskap, rettferdig inntektsberekning og vern av ressursgrunnlaget – og vise korleis dette heng saman med sosial rettferd og klimaomstilling.
- **Jobbe for ei kunnskapsbasera og føreseieleg rovviltforvaltning.**

- Styrke samarbeidet med organisasjonar som Bonde- og Småbrukarlaget og Bondelaget, og vere til stades der landbrukspolitikken blir forma og debattert.

SV skal vere eit parti som lyttar, står støtt og byggjer framtid – saman med folk i heile landet.